

Styremøte Sirdal bygdekvinne lag 08.09.20

Til stades: Siri Fidjeland, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Anita Haugen

Sak 11/20: Gjennomførde og komande aktivitetar

- a) **Bli kjend i bygda** har att ein tur i år, 14. september, og den blir på Kvæven og golfbanen med kaker, kaffi og trekking av eitt års medlemskap i SBK. Det har vore med 60 ulike personar på turane i år, og 125 alt i alt! Veldig bra!

Gruppa har tenkt på vidareutvikling av turane, og vil ha toppturar for å få med dei unge. Det ein då må tenkja på er om det skal vera kvelds- eller dagstur, og om me skal halda fram med målet om å inkludera alle.

- b) **Basaren** saman med Sirdal sau og geit ventar me med til våren og vonar på betre tider då. Det er fleire som har kjøpt lodd og levert inn gevinstar, og gevinstar er innkjøpte.

Me kan søkja Lotteritilsynet om å få kompensert inntektstapet på basaren som var planlagd 27. mars 2020, men det må gjerast innan 15. september! Åse-Berit kontaktar Anita snarast for å avtala kven som får av garde søknaden. Siste års godkjende budsjett må vera oppdatert.

- c) Åse-Berit er i kontakt med Gry Iren Josdal om **KvinnerUT - meistring og kompetanse** eller KvinnerUT - der kvinner møtes, men det sa litt stopp i vår. Sistnemnde har som mål å skapa samhald i bygda, og aktivitetar kan vera ut i naturen med internasjonal piknikkurv, fiskekurs, språkkafé, Tea Time rundt bålpanna, hagetreff - kaffe og prat ute i hagen, sanketur - på jakt etter naturen sine skattar, "Bygda vår" - Bli kjend med bygda og historie og tradisjon eller "Walkietalkie" - gå på tur og snakka norsk saman.

KvinnerUT - meistring og kompetanse er ei kursrekke på minst fire (4) kursdagar med minst fem (5) deltakar der dei skal ha ein prøve og får bevis på kva dei har lært. Det bør nok vera på Tonstad skule, sidan henting og bringing er litt vanskelegare nå, og aktuelle tema kan vera mat og ernæring, saum, hage, potetdyrking, måling (Torill Tjørhom), strikking, hekling, lesesirkel og datakurs.

Me prøver framleis å få nok personar med, og let dei få bestemma litt kva dei har lyst å vera med på. Det er framleis purring frå NBK om å melda seg på, så me er ikkje dei einaste som er seine.

- d) **Bruk heile dyret** - ei markering av Verdás matvaredag, norske råvarer og berekraftig bruk saman med Nortura, Norgesgruppen og Bama. Søknadsfristen var 1. september, men Åse-Berit sender ein søknad så fort som råd, og så vonar me det beste!

Me bestiller lammegryte, som elevane i 6. klasse kan laga noko av, for M&H-læraren er heilt med, som me deler ut på GP, for Gerd er òg heilt med, fredag 16. oktober kl. 17.00-19.00. Elevar kan ev. vera med på det òg. I tillegg prøver me å få Stian Espeland til å partera eit dyr på Sinnes skule med elevar og andre interesserte som tilskodarar. Dette kan me godt gjera ein annan dag, for elevane treng dei tre timane sine til å laga lammegryta.

Siri og Tone er ansvarlege, og kontaktar aktuelle samarbeidspartnarar.

Etter møtet har NBK kontakta oss, for å fortelja at det ikkje vert utdeling ved butikkar i år pga. smittevern, så me satsar på samarbeid med skulen og at alle elevane får smaksprøver i staden.

- e) **Temakvelden** på Norspinn og B20 blir 25. september der det bør vera minst åtte (8) påmelde. Norspinn tar inn grupper à ti (10) om gongen på omvising, og B20 held ølsmaking prisa etter deltakartal (frå 360,- pr. person).

Solveig Marie held kontakten med Norspinn og B20, og ber om pris på buss. Me opnar arrangementet, der medlemmar betalar kr. 150,- og ikkje-medlemmar 400,-. Alle får bussen dekkja. Helin er ansvarleg sjølve kvelden, og tar seg av påmelding.

Bussen går 18.00 i frå Ådneram, omvisinga på Norspinn startar 19.00. Det blir ølsmaking frå 20.00, og bussen returnerer 23.00.

- f) **Årsmøtet** blir 20. oktober på helsehuset, ev. grendehuset, med kviss etterpå. Solveig Marie og Tone er ansvarlege, medan Åse-Berit gjev beskjed til valkomiteen (May Britt og Karine). Solveig Marie er på val og går ut av styret, medan Helin, Siri (1. vara) og Eva (2. vara) er på val. Dei andre har eitt år att.
- g) Sjekk **lokallagssendinga**, som ligg på NBK si heimeside. Der finn me òg ny strategi- og arbeidsplan. (Det burde vore mogleg å abonnera på heimesidene, slik at ein fekk melding om nye innlegg...)

RBK er særst nógde med **digitalt landsmøte** i NBK der dei og to andre fylkeslag fekk inn sine representantar som leiar og nestleiar, Jorunn Henriksen og Unni Skadsem.

Elles blir det **høyring** i lokallaga om nytt tidspunkt for årsmøta, for mange vil flytta dei til våren, slik at det m.a. passar betre med rekneskapsåret. Det er uvisst når dette kjem, for det skal ikkje opp att på landsmøtet før om to år.

Elles er det nytt **medlemsregister**, som du finn når du loggar deg inn på SBK si heimeside. Der får du opp din eigen profil og medlemskap, kan endra informasjon og sjekka medlemslista i lokallaget.

- h) Det blir ikkje aktuelt å vera bøsseberarar, sidan det blir digital **innsamlingsaksjon** i år.

i) Set av 20.-21. november til **lokallagssamling** i Haugesund!

Sak 12/20: Nye innbuarar

Tone og Åse-Berit har besøkt dei innbuarane dei skulle, medan Solveig Marie sin person ikkje har vore heime i sommar.

Nye innbuarar er

Gaute Dorga med sambuar på Dorga:

Solveig Marie

Simen Berge, ny dagleg leiar på Sirdal høvfjellshotell:

Helin

Kanskje nokre på Tjørhomfjellet?:

Solveig Marie sjekkar

NYTT MØTE: 13.10.20 kl. 19.00 på Sinnes skule